

Dirdal skule 2025/2026



Informasjon

INNHALDSLISTE

Kort om Dirdal skule	3
Skulerute 2025/2026	4
Tilsette 5	
Praktiske opplysningar	6
SFO	10
Leksehjelp og skulehelsetenesta	11
PPT, Miljørettleiar og Familiesenteret	12
SOL og kartleggingsprøver	13
Nasjonale prøver	14
Samarbeid heim/skule	15
FAU og skulen si heimeside	16

Kort om Dirdal skule



Tal på elevar: 122 elevar fordelt på 10 klassar

Tal på tilsette: 24 tilsette (+ 2 reinhaldarar og 1 vaktmeister)

Administrasjonen:

	Namn	Telefon	e-mail adresse
Rektor	Mari-Anne Haugsbakk	51 61 48 26	mari-anne.haugsbakk@gjesdal.kommune.no
Ass.rektor	Hege Antonsen	51 61 48 27	hege.hansen@gjesdal.kommune.no
Saksansvarleg	Arny S. Gilja	51 61 48 25	arny.skjaeveland.gilja@gjesdal.kommune.no

Postadresse: Kroveien 270, 4335 Dirdal

Besøksadresse: Kroveien 270, 4335 Dirdal

Telefon (sentralbord): 51 61 48 25

E-mail: dir-adm@gjesdalskolen.com

Heimeside: <http://www.minskule.no/dirdal>

Skulerute for elevane

Gjesdal kommune 2025/2026

Månad		Skuledagar
August	Torsdag 14. august er skulestart for elevane	12
September		22
Oktober	Haustferie veke 41 (6.-10. oktober)	18
November	Fredag 14. november (Planleggingsdag) – fri for elevane	19
Desember	Fredag 19. desember er siste skuledag før jul	15
Januar 2023	Måndag 5. januar er første skuledag etter jul	20
Februar	Vinterferie veke 9 (23.-27 februar)	15
Mars	Påskeferie veke 14 (30.mars- 6.april)	20
April	Påskeferie veke 14 (30.mars- 6.april)	18
Mai	Fredag 1. mai (Høgtidsdag) Torsdag 14. mai (Kristi Himmelfartsdag) Fredag 15.mai- fri for elevane Måndag 25.mai- 2.pinsedag	17
Juni	Torsdag 18. juni er siste skuledag for elevane	14
	Sum skuledagar	190

Planleggingsdagar på Dirdal skule 25/26:

11-13.august, 14.november, 20.juni (etter elevane har tatt ferie)

Tilsette ved Dirdal skule 2025/2026

Trinn	Kontaktlærer	e-post
1.trinn	Renate Lødemel Gilje	Renate.L.Boe@gjesdal.kommune.no
2.trinn	Olga Slettebø Gilje	Olga.S.Gilje@gjesdal.kommune.no
4.trinn	Anne Grethe Hov	Anne.Hov@gjesdal.kommune.no
4.og 5. trinn	Ane Gilje Sirevåg	Ane.Gilje@gjesdal.kommune.no
6.trinn	Tone Kristin Gilje Dahl	ToneKristin.GiljeDahl@gjesdal.kommune.no
7.trinn	Ingrid Netland	Ingrid.Jatten.Kaasen@gjesdal.kommune.no
8.trinn	Stine Pedersen	Stine.Undheim@gjesdal.kommune.no
9.trinn	Annikken G. Nødland	AnnikkenGjesdal.Nodland@gjesdal.kommune.no
10.trinn	Magnus Stokke	Magnus.Stokke@gjesdal.kommune.no

Timelærare	e-post
Amelie Henden	Amelie.Henden@gjesdal.kommune.no
Arny S. Gilja	Arny.Skjaeveland.Gilja@gjesdal.kommune.no
Anzhela Zaika	Anzhela.Zaika@gjesdal.kommune.no
Karianne Gilje	Karianne.Gilje@gjesdal.kommune.no
Lina Ytreland Eidsaa	Lina.YtrelandEidsaa@gjesdal.kommune.no
Jofrid K. Gilje	Jofrid.Kirkeholm.Gilje@gjesdal.kommune.no
Veronica Sørbo	Veronica.Sorbo@gjesdal.kommune.no
Hanne Marte Vatnaland (i permisjon)	HanneMarte.Vatnaland@gjesdal.kommune.no

Miljøarbeidarar og miljørettleiarar	e-post
Tina H. Espeland	Tina.HansenEspeland@gjesdal.kommune.no
Kristin R. Brattebø	Kristin.Brattebo@gjesdal.kommune.no
Lene Jonassen Frøiland	Lene.Jonassen@gjesdal.kommune.no
Julie Steinskog	Julie.Steinskog@gjesdal.kommune.no
Monica Tengesdal	Monica.Tengesdal@gjesdal.kommune.no
Ragnhild Gilje-Ravndal	Ragnhild.Gilje.Ravndal@gjesdal.kommune.no

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Aktivitetsleiarar:

På kvar skule i Gjesdal kommune er det aktivitetsleiarar. Desse skal vere med på å skape auka aktivitet i friminutta. Elevar på 4.-7.trinn kan søkje om å få bli aktivitetsleiarar. Desse har ansvar for ulike aktivitetar og leikar i matfriminuttet.

Allergiar:

Hugs å gje beskjed til skulen dersom du har ein elev med allergi.

Bokbind:

For at skulebøkene skal vare lengst mogleg, skal de leggje bokbind på alle lærebøkene.

Chromebook:

Alle elevar i Gjesdal kommune har tilgang på ein Chromebook. Elevane kan ta med seg denne heim, dersom føresette har lese gjennom "Informasjon om bruk av Chromebook i Gjesdalskolen". Dette informasjonsskrivet finn de på heimesida.

Dagsrutine Dirdal skule:

Trinn	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.-2. trinn	08.30 - 14.30	08.30 - 12.10	08.30 - 12.10	08.30 - 14.30	08.30 - 12.10
3.-7.trinn	08.30 - 14.30	08.30 - 12.10	08.30 - 14.30	08.30 - 14.30	08.30 - 12.10
8.-10.trinn	08.30 - 14.30	08.30 - 12.10	08.30 - 14.30	08.30 - 14.30	08.30 - 14.30

08.30 - 09.30:	1.time
09.30 - 09.40:	Friminutt
09.40 - 10.40:	2.time
10.40 - 10.50:	Lunsj
10.50 - 11.10:	Friminutt
11.10 - 12.10:	3.time
12.10 - 12.20:	Friminutt
12.20 - 13.20:	4.time
13.20 - 13.30:	Friminutt
13.30 - 14.30:	5.time

Endringar i adressar/telefon/mail/lege

Det er viktig for skulen å kunne nå føresette og andre viktige kontaktpersonar. Dersom det kjem endringar i kontaktopplysningar, må skulen få beskjed om dette.

Erstatningsansvar for bøker og skulen sitt materiell

Elevane er erstatningspliktig for bøker som vert behandla stygt eller mista. Når elevane med vilje øydelegg skulen sitt materiell, vert det krevd erstatning.

Erstatning for klede o.l.

Skulen gir ikkje erstatning for klede, briller eller gjenstandar som blir skada eller øydelagt, utan at det er vist lite aktsemd frå skulen si side.

Fritak frå undervisninga

Gjesdal kommune har laga nye vedtekter for permisjonsøknad. Foreldre søker digitalt om permisjon for sitt barn via søknadsskjema i Visma skole. Fråværet blir automatisk registrert i Visma.

- *Søknadar inntil 3 dagar sendast til behandling av kontaktlærar*
- *Søknadar meir enn 3 dagar sendast til behandling hos rektor*

Gratisprinsippet i skulen

§ 2-15. Rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring

Elevane har rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskoleopplæringa.

Les meir om gratisprinsippet i skolen [her](#)

Kroppsøving/symjing

Til kroppsøvingstimane skal elevane ha med: treningsklede, innesko (som ikkje svertar), såpe og handkle. Til symjetimane skal elevane ha med: badeklede, badehette, såpe, sjampo og handkle. Elevane kan ikkje ha symjing dersom dei har opne sår. Dersom elevane ikkje skal ha kroppsøving/symjing, må dei ha melding frå føresette.

Klasseforeldremøte

I kvar klasse skal det kvart år haldast minimum to klasseforeldremøte pluss to utviklingssamtaler med føresette og elev.

Klede og gjenstandar som er gløymde att på skulen

Hugs å merke mest mogleg av klede/sko og tøflar med namn, då er det lett å finne att. Gløymde klede/sko vert lagt i ei korg i kvar avdeling. Det som ikkje blir henta, blir sendt til Fretex e.l. etter skuleslutt i juni.

Min Skole

Skulane i Gjesdal bruker Visma sin app "Min Skole" som kommunikasjonskanal mellom føresette og skulen.

Min skole - føresatt-app har desse hovedefunksjonane:

- Sende og motta meldinger mellom føresette og skule
- Føresette kan registrere fråvær på eigne barn
- Føresette kan få varsel frå skulen om fråvær/anmerkingar
- Tilgang til digitale skjema via lenke i app-melding
- Føresette til barn på SFO kan sjå tidspunkt for når barnet er sjekka inn/ut på SFO
- Føresette til barn på SFO kan registrere merknadar (både for enkeltdagar og repeterende merknadar) for eigne barn

NB - vi minner om at føresette ikkje må sende sensitiv informasjon (til dømes helseopplysningar) verken i appen eller i sms-meldingar til skulen.

Mobilfri skule

Dirdal skule er ein mobilfri skule. Det betyr at elevane legg mobil og smartklokker i mobilhotell eller skulesekk ved skulestart. Dersom mobil og smartklokke ligg i sekken, er det på eige ansvar.

Ordensreglar

På skulen lagar kvar klasse klassereglar. Desse seier noko om korleis elevane vil ha det. I tillegg har Gjesdal kommune eit felles ordensreglement for alle elevane i Gjesdalskolen. Dette ordensreglementet blir lagt ut på skulen si heimeside.

Refusjon ved skuleskade

Alle elevar ved skulen er innmeldt i Rikstrygdeverket. Dersom ein elev skadar seg på skulen, vil føresette få igjen utlegg til materiell/transport o.l. ved NAV. Hugs å ta med kvittering.

Teieplikt/spesielle opplysningar om eleven

Alle som arbeider ved skulen har teieplikt. Det er viktig at skulen får opplysning dersom ein elev lir av ein spesiell sjukdom, brukar medisinar eller har andre problem.

Skulemjølk

Føresette bestiller mjølk, yoghurt og smoothie gjennom <http://skolelyst.no>

Skuleskyss

På Dirdal skule har alle elevar i 1.klasse rett på fri skyss. Frå og med 2.klasse er det kun elevar med farleg skuleveg, eller som bur meir enn 4 km unna skulen, som har denne retten.

SFO

SFO morgon:

Måndag-fredag: 07.00-08.20

SFO ettermiddag:

Måndag og torsdag: 14.30-16.00

Tysdag, onsdag og fredag: 12.10-16.00

1.-3.klasse har inntil 12 timar gratis SFO. Gjesdal kommune har følgjande SFO-tilbod:

SFO-tilbod for 1.-3.klasse:

Gratis inntil 12 timar	kr. 0,-
Under 15 timar	kr. 650,-
Over 15 timar	kr. 1910,-

SFO-tilbod for 4.klasse

A-tilbod (mindre enn 6 timar)	kr. 1760,- (følgjer skuleruta)
B-tilbod (6-15 timar)	kr. 3260,- (tilbod også i feriar)
C-tilbod (over 15 timar)	kr. 3630,- (tilbod også i feriar)

Kjøpeplass SFO: kr 100,- pr påbegynt time

Dagsplass SFO (feriar) kr 275,-

SFO i feriane

Dersom det er færre enn 8 påmeldte barn i feriane, er SFO stengt. Det er mogeleg å få plass på ein annan skule. Dette gjeld skulen sine planleggingsdagar, innskotne fridagar og i feriar.

Leksehjelp

Leksehjelptilbodet er organisert på følgjande måte:

- 3.- 6. klasse har leksehjelp måndag 13.30-14.30. Elevane tek bussen/syklar heim, eller går på SFO etter leksehjelp. Elevar som ikkje nyttar seg av leksehjelp blir henta/syklar heim. Det er berre elevar som har rett på fri skuleskyss som har tilbod om tilsyn dersom dei ikkje nyttar seg av leksehjelptilbodet.

Det er framleis dei føresette sitt ansvar å sjå til at leksene er gjort. De kan ikkje forvente at alle leksene er gjort og/eller kontrollert når eleven har gjort lekser på skulen. Leseleksene blir ikkje sjekka på leksehjelp, dette er heimen sitt ansvar. Leksehjelp er eit frivillig tilbod.

Helsetenesta

Skulehelsetenesta har som hovudoppgåve å drive førebyggjande arbeid i grunnskulen og samarbeider med heim, skule og anna hjelpeapparat for å identifisere og løyse helsemessige utfordringar knytt til skuleelevar. Skulehelsetenesta følgjer statlege planar, og gir informasjon og rettleiing, individuelt og i grupper. Dei tilbyr og set vaksinar. Helsesjukepleiar på Dirdal skule er Astrid Hammer Haugland. Ho kan kontaktast på mail: Astrid.h.Haugland@gjesdal.kommune.no eller telefon: 47 64 1993

PROGRAM:

- 1.klasse: Skulestartkontroll
- 2.klasse: Vaksinerings (DTP)
- 3.klasse: Vekt/høgde måling og undervisning: "å ta vare på kroppen"
- 5.klasse: Tilbod om pubertetsundervisning
- 6.klasse: MMR-vaksine (meslingar, kusma, Røde hunder) og samarbeid med SMISO
- 7.klasse: HPV-vaksine (vaksine mot livmorhalskreft)
- 8.klasse: Vekt/høgde måling og helsesamtale
- 9.klasse: Tilbod om seksualundervisning
- 10.klasse Tetravac-vaksine (difteri, stivkrampe, kikhoste og poliomyelitt) og tilbod om besøk på Helsestasjon For Ungdom på Ålgård

Trefftid helsesjukepleiar: Måndag, onsdag og torsdag kl. 09.00-14.00

PPT (Pedagogisk/psykologisk helseteneste)

Gjesdal kommune har eigen PPT-teneste med kontor i Rettedalen 7. PPT er eit fagleg organ som skal vere med å sikre at barn, unge og vaksne som treng særskilt hjelp, får gode opplærings- og utviklingsvilkår. Føresette og barn har også moglegheit for sjølv å ta kontakt med tenesta for å få hjelp. Tlf: 51 61 43 32

Sosiallærar

Monica Tengesdal har jobben som sosiallærar ved Dirdal skule.

Ein sosiallærar er ein person som jobbar med den sosialpedagogiske tenesta i skulen.

Det vil seie at sosiallæraren kan vere:

- ein å snakke med dersom du har lyst til å ta opp vanskelege ting både i og utanfor skulen.
- eit bindeledd mellom elevar, helsesjukepleiar, lege, sosialkontor, barnevern eller andre, dersom det er ønskeleg.
- ein som arbeider førebyggjande med det psykososiale miljøet.

HUGS ingenting er for dumt å spørje om!

Er det noko du treng å prate om, treng hjelp med...?

Monica kan kontaktast:

- Ved å leggje ein lapp i opphengt postkasse i biblioteket
- Via mail: monten@gjesdalskolen.com
- Min skole-app
- Direkte kontakt på skulen

Familiesenteret

Familiesenteret er eit gratis lavterskeltilbod til familiar med barn og unge frå 0-18 år. Vi tilbyr rettleiing, familiesamtaler og samtaler med barn og unge. Det er eit tilbod til familier som treng oppfølging utover det skular, barnehagar eller helsestasjonstenester gir. Familiesenteret har også ulike kurs og grupper. Familiar kan ta direkte kontakt, ein treng ingen henvisning. For meir informasjon, ring familiesenteret på telefon 904 10 651 [eller sjå info her](#)

SOL (Systematisk Observasjon av Lesing)

Å lære barn å lesa er ei av dei viktigaste oppgåvene i skulen. Norsk skule kan gjera ein betre jobb på dette området. I Gjesdal har vi utvikla verktøyet SOL for observasjon av lesing. SOL er basert på nyare forskning og mange års erfaring.

I SOL er leseopplæringa på mellomsteget og ungdomssteget like viktig som den første leseopplæringa. Leseutviklinga skal fortsetja også etter at eleven har "lært seg å lesa".

SOL er eit observasjonsverktøy. I tillegg er det også ein kunnskapsbank og eit oppslagsverk både for den generelle undervisninga og for "tetting av hol" hos den enkelte eleven. SOL gir ei oversikt over kvar eleven er i leseutviklinga si, og gir læraren betre føresetnad for å driva god og tilpassa leseopplæring.

Alle elevane skal "solast" (kartleggjast med SOL) kontinuerleg. Resultata frå solingen skal bli formidla til elevane og dei føresette. Eleven, skulen og heimen får med dette informasjon og innsikt til å arbeide mot ei optimal leseutvikling.

Alle lærarane har fått opplæring i SOL.

Kartleggingsprøver

I løpet av hausten skal 3.trinn gjennomføre kartleggingsprøvar i lesing og rekning.

Kartleggingsprøvene skal brukast av skulen og lærarane til å finne dei elevane som treng ekstra hjelp i løpet av dei første skuleåra. Dei fleste elevane vil få til mange av oppgåvene, og mange vil oppleve prøva som lett. Prøva vil difor ikkje gi informasjon om elevar med gode ferdigheiter. Meir informasjon om kartleggingsprøvene finn du på:

<https://www.udir.no/eksamen-og-prover/prover/hva-er-kartleggingsprover/>

	Lesing	Rekning
3.kl	Veke 40-43	Veke 40-43

Nasjonale prøver

Nasjonale prøvar er ikkje prøvar i fag, men i grunnleggjande ferdigheiter i alle fag.

Prøvene i lesing og rekning tek derfor ikkje berre utgangspunkt i kompetansemåla i norsk og matematikk, men også i andre fag der mål for lesing og rekning er integrerte. Prøvene i engelsk skil seg frå dei to andre prøvene, sidan dei tek utgangspunkt i kompetansemål i eit fag.

Dei nasjonale prøvene skil seg frå internasjonale testar og kartleggingsprøver. Dei internasjonale testane gir resultat på nasjonalt nivå, og grunnlag for å samanlikne dei norske elevresultata med resultata til elevar frå andre land. Dei er utvikla for å vurdere endring i ferdigheitane til elevane over tid. Kartleggingsprøvar skal vere eit pedagogisk verktøy for læraren og skal gi kunnskap om kven av elevane i klassa som treng særskild oppfølging. Alle prøvene er elektroniske.

Nasjonale prøvar	5.klasse	8.klasse	9.klasse
Lesing	1.-26.september	1.-26.september	1.-26.september
Rekning	1.-26.september	1.-26.september	1.-26.september
Engelsk	1.-26.september	1.-26.september	

Samarbeid heim/skule

Kunnskapsløftet legg stor vekt på at heimen og skulen må stå saman om den viktige oppgåva det er å skape eit best mogleg oppvekstmiljø for barna våre. La oss arbeida saman for ein open og direkte kontakt mellom heim og skule. I tillegg til årlege treffpunkt på foreldremøte og utviklingssamtalar, er lærarane tilgjengelege både på e-post og telefon. Saker kan også fremjast til skulen via klassekontaktane.

FAU er elles ein god støttespelar for skulen, både i forhold til sosialt arbeid og fagleg innhald.

Klassekontaktar skuleåret 2024/2025

Klasse	Namn	Kontaktinformasjon
1.kl	Irene Espeland Maren Haukali	916 10 812 981 18 553
2.kl	Hanne Marta Byrkjedal Ane Gilje Sirevåg	416 39 188 454 78 801
3.kl	Karoline Gilje Björg Tøsse Gilje	402 19 072 414 28 475
4.+5.kl	Renate Gilje Pål Ravndal	928 12 815 952 56 941
6.kl	Hege Gilje Stokke Mari Frafjord	957 68 164 454 45 582
7.kl	Tone K/Olav Erik Dahl Erlend Sandvik	922 46 249/ 482 20 085 996 34 786
8.kl	Hilde Muggerud Rune Nessa	412 55 327 922 84 737
9.kl	Magnus J. Stokke Mari Frafjord	928 46 213 454 45 582
9.kl	Ann-Magritt Haaland Jofrid Kirkholm Gilje	992 62 668 952 68 325

Klassekontaktane er eit viktig bindeledd mellom heim og skule. Det skal veljast 2 klassekontaktar frå kvar klasse. Klassekontaktane sitt i 2 år.

FAU

Alle som har barn ved skulen, er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet vel eit styre. Dette blir kalla foreldrerådets arbeidsutval- FAU. Foreldrerådet skal fremje felles interesser til foreldre og bidra til at elevar og foreldre tar aktiv del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø.

Foreldrerådet skal arbeide for å:

- Skape god kontakt mellom den enkelte heim og skulen
- Legge forholda til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane
- Skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet

FAU konstituerer seg kvar haust. Representantane i FAU blir lagt ut på heimesida så fort det er klart.

Heimesida/abonner på nyheiter frå skulen

Dirdal skule har si eiga heimeside: <http://www.minskule.no/dirdal>

På skulen si heimeside finn de m.a. ein mobbknapp for å melde frå om mobbing, ordensreglement, diverse informasjon og skjema frå skulen. Vi legg også ut bilete frå hendingar som elevane er med på.